



Statens vegvesen

VINJE KOMMUNE
Vinjevegen 192

3890 VINJE

Behandlande eining:
Transport og samfunn

Sakshandsamar/telefon:
Carl Henrik Bjørseth / 40603339

Vår referanse:
22/48776-11

Dykkar referanse:
2022/1556-85

Vår dato:
06.02.2026

Framlegg til reguleringsplan for Åmothaugen Vest, planID 20160005, i Åmot sentrum – Høring og offentlig ettersyn

Vi viser til høringa datert 01.12.2025 med forslag til reguleringsplan for Åmothaugen vest i Vinje kommune.

Saken gjeld

Føremålet med planarbeidet er å leggje til rette for utviding av helsesenteret med eit nybygg i eit område som i dag nyttast til forretning. Det planleggjast også ein ny trafikal struktur som skal sikra mjuke trafikantar. Også ein del av dei tilliggjande bygningane og friluftsområda takast med i planen. Forslaget til plan endrar ikkje noko på E134, bortsett frå eit fortau i ein sidearm inn kryssingsstaden nord i planområdet.

Statens vegvesen si rolle i planlegginga

Statens vegvesen har ansvar for at føringar i Nasjonal transportplan (NTP), statlege planretningslinjer for arealbruk og mobilitet, vegnormalane og andre nasjonale og regionale arealpolitiske føringar blir ivaretekne i planlegginga.

Vi skal bidra til å følgje opp FNs berekraftsmål retta mot transportsektoren gjennom oppfølgingar av NTP-måla der hovudmålet er eit effektivt, miljøvennleg og trygt transportsystem i 2050. Under er det fem likestilte mål;

- Enklare reisekvardag og auka konkurranse for næringslivet
- Bidra til oppfylging av Noregs klima- og miljømål
- Nullvisjon for drepne og hardt skadde i trafikken
- Effektiv bruk av ny teknologi
- Meir for pengane

Postadresse
Statens vegvesen
Transport og samfunn
Postboks 1010 Nordre Ål
2605 LILLEHAMMER

Telefon: 22 07 30 00
firmapost@vegvesen.no
Org.nr: 971032081

Kontoradresse
Kjelleveien 21A
3125 TØNSBERG

Fakturaadresse
Statens vegvesen
Fakturamottak DFØ
Postboks 4710 Torgarden
7468 Trondheim

Vi uttalar oss på vegne av staten som forvaltar av riksveg og etaten sine egne kulturminne, og som statleg fagmynde med sektoransvar innanfor vegtransport. Vårt sektoransvar for vegnettet inneber eit overordna ansvar for at trafikktryggleik, klima- og miljøomsyn, og heilskapleg bypolitikk blir ivareteke i alle planforslag som vedkjem samferdsel. Gjennom vårt sektoransvar skal vi bidra til samarbeid mellom aktuelle myndigheiter, næringsliv og innbyggjarane med mål om ei berekraftig utvikling.

Våre merknadar til planforslaget

Ei utfordring i Åmot er at tettstaden er delt i to av E134. Det er difor gunstig at planen regulerer eit fortau (o_SF4) mot den tilrettelagte kryssingsstaden over E134. Vi ber om at dette fortauet innarbeidast i rekkjefylgjekrava §9.2.1 saman med o_SKV4. Detaljerte teikningar skal godkjennast av Statens vegvesen.

Vi er også opptekne av at det skal være så naturleg som mogleg for mjuke trafikantar å kunne bruka undergangen under E134. Om ein ser på plankartet saman med landskapsplanen kan det sjå ut til at ein ikkje tenker seg ein snarveg i form av ei trapp eller tilsvarande frå det øvre området og ned mot undergangen under E134. Dette tilrår vi at vurderast nærare og eventuelt innarbeidast i rekkjefylgjekrava.

Vi tenker også at det kan være fornuftig å vurdere om det kan etablerast ein utgang eller liknande frå parkeringskjellaren under det nye helsesenteret rett mot og på omtrent same nivå som undergangen, og på den måten gje ein indre forbindelse frå helsesenteret og mot undergangen til Åmot nord for europavegen.

Med helsing

Espen Tønning
Seksjonsleiar

Carl Henrik Bjørseth

Dokumentet er godkjent elektronisk og har difor ingen handskrivne signaturar.

Kopi

STATSFORVALTEREN I VESTFOLD OG TELEMARK, Postboks 2076, 3103 TØNSBERG
TELEMARK FYLKESKOMMUNE, Postboks 2844, 3702 SKIEN